

«Ny som lærar på Vestlandet»

Temadag ved HVL campus Sogndal, onsdag 11.februar 2026 kl. 9.00-15.00

Målgruppe: Studentar som går på BLU, GLU og PPU, nyutdanna pedagogar i barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular og vaksenopplæring i Sogn (som var ferdigutdanna i 2024 eller 2025), rettleiarar i barnehagar og skular, leiarar i barnehagar og skular, kommunalsjefar og samarbeidspartar.

Stad: Høgskulebygget, auditoriet «Josten» i 1. etasje. Sjå kart her: [Høgskulebygget 1.etg aud Josten, Høgskulebygget, Campus Sogndal - MazeMap](#).

Tidspunkt: Onsdag 11.februar 2026 kl. 09.00- 15.00.

Lunsj: Ja, enkel lunsj er inkludert.

Deltakaravgift: Nei, samlinga er dekkja av regionale utviklingsmidlar i Sognaregionen

Bakgrunn for temadagen: Alt kan ikkje lærast i ei grunnutdanning, enkelte sider lærer ein best når ein har starta i jobb, med hjelp av god rettleiing. HVL er ein del av Utdanningsdirektoratet sitt prosjekt «Ny som lærar på Vestlandet», og ynskjer at nyutdanna lærarar skal vera informert om mentor/rettleiingsordningar i regi av Kunnskapsdepartementet. Temadagen er eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og *System for styrka læring*, Sognaregionen.

Her kan du lese meir om rettleiingsordninga:

- [Hvl.no/samarbeid/samarbeid-lararutdanning-og-kreative-fag/ny-som-larer-pa-vestlandet/](https://hvl.no/samarbeid/samarbeid-lararutdanning-og-kreative-fag/ny-som-larer-pa-vestlandet/)
- [Veiledning-av-nyutdannede-nytilsatte-larere-i-barnehage-og-skole oppdatert-2021 10.pdf \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no/no/veiledning-av-nyutdannede-nytilsatte-larere-i-barnehage-og-skole-oppdateret-2021-10.pdf)
- <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/veiledning-av-nyutdannede/>
- <https://nyutdannede.no/>

Program for dagen:

09.00- 10.00: Velkommen og kort informasjon v/arrangørane

Korleis vil barnehage- og skuleeigane ta i mot nyutdanna pedagogar i framtida?

Nokre einingar deler sine erfaringar med rettleiing av nyutdanna pedagogar – sett frå både den nyutdanna og rettleiar sine perspektiv

10.00- 10.15: **Pause**

10.15- 14.45: **Profesjonalitet i samarbeid med heimen
v/ Ingrid Midteide Løkken**

- Kvalitet i samarbeidet
- Korleis få til gode og utviklande samtalar?
- Kva når ein blir utfordra i møtet?
- Overføringsverdi til kollegarelasjonar og arbeid med barn og ungdommar



Det blir lagt inn pausar undervegs i økta. Det blir ein kombinasjon av førelesing, refleksjon og trening i grupper.

11.15- 12.00: **Lunsj (bagett og wraps)**

14.45- 15.00: Avslutning og evaluering via qr-kode

Ingrid Midteide Løkken har i mange år jobba med tema som relasjonskompetanse, kvalitet i relasjonar, sosial og emosjonell kompetanse, utfordrande åtferd og med viktigheita av å skape gode læringsmiljø i barnehage og skule. Ho har bakgrunn som forskar og føredragshaldar knytt til desse tema, samt frå arbeid som styrar og pedagogisk leiar i barnehage. I tillegg jobbar ho med tema knytt til leining og ulike former for profesjonsutvikling. Ingrid jobbar no ved BI Handelshøyskolen i Oslo og har også ei deltidsstilling ved Læringsmiljøsentret, UiS.

Ansvarleg for samlinga:

Evelyn Eggum, HVL Evelyn.Eggum@hvl.no

Dorthea Sekkingstad, HVL Dorthea.Sekkingstad@hvl.no

Ingrid Steine Bortne, Sognaregionen Ingrid.Steine.Bortne@sogndal.kommune.no Mob: 48 25 03 06

Påmeldingsfrist: 28.januar kl 23: [her](#)

Noter om du er nyutdanna, rettleiar, student eller anna i merknadsfeltet. Meld også inn evt. allergiar under merknadsfeltet i påmeldinga.

Velkommen og takk for at du spreier ordet til andre i målgruppa!

Beste helsing frå

Evelyn Eggum og Dorthea Sekkingstad

Ingrid Steine Bortne

Kontaktpersonar for tiltaket

Programleiar barnehage- og skuleutvikling

«Ny som lærar på Vestlandet», HVL

System for styrka læring, Sognaregionen